



Skattedirektoratet

Deres ref.
2016/22142

Vår ref.
19/30-5 622.1/JEHA

Dato:
Oslo, 14.02.2019

Høring - Meirverdiavgiftsfritak for elektroniske publikasjonar

LO er kritisk til dei foreslåtte reglane for meirverdifritak for elektroniske utgåver av tidsskrift. Definisjonen av vilkåra for fritak er så avgrensa at ein knapt kan snakke om ei reell utviding av momsfrirket, men at det her berre er snakk om fritak for ein rein statisk PDF av papirutgåvene. Det er noko heilt anna enn det som blei varsla i Prop.1 LS (2018 – 2019): *«Fritaket vil gjelde elektroniske utgåver av trykte tidsskrift, som **ikke behøver** å være identiske med det trykte tidsskriftet.»*

LO er også kritisk til ekskluderinga av elektroniske nyheitstenester. I ei tid som internasjonalt er prega av påstandar om «fake news» og undergraving av rolla til pressa generelt, meiner LO det er svært viktig å styrke mediemangfaldet også utover dei etablerte mediehusa. Meir enn nokon gång treng vi ei stor bredde av redaktørstyrte medier som driv grundig og seriøs journalistikk på sine områder. Fagblada må kunne få møte lesarane/publikum der dei er, og der stadig meir av samfunnsdebatten skjer, nemleg på nettet. Og få høve til å utvikle seg digitalt på lik linje med mediene som fell inn under paragraf 6-2-1 i meirverdiavgiftsforskrifta.

Forslaget til regelendringar undergrev ei slik utvikling. Overordna meiner LO det er viktig å utvide momsfrirket til å omfatte alle redaktørstyrte publikasjonar, også for dei redaksjonane som utviklar elektroniske nyheitstenester.

Prinsipielt bør momsfrirket gjelde all journalistikk som fell inn under lov om «redaksjonell fridom i media». LO meiner dette er viktig også for å tryggje det norske demokratiet, norsk språk og kultur.

Med vennlig hilsen
LANDSORGANISASJONEN I NORGE

Terje Olav Olsson
LO-sekretær
(sign.)

Jenny Ann Hammerø
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Landsorganisasjonen i Norge og har derfor ingen signatur.